

# **VEDTEKTER FOR FAU SOLUND BARNE- OG UNGDOMSSKULE**

## **§ 1 NAMN OG SETE**

Foreininga sitt namn er FAU Solund barne- og ungdomsskule (Foreldrerådets arbeidsutval). FAU Solund barne- og ungdomsskule held til og har si verksemد i Solund kommune.

## **§ 2 FØREMÅL**

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er et arbeidsutval valt av foreldrerådet, og er det utøvande organ for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom forelderen og skulen. FAU sitt føremål er å fremje fellesinteressene til foreldrerådet og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i og har reel medverknad i arbeidet med å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og læringsmiljø. FAU skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

## **§ 3 JURIDISK PERSON**

Foreininga er sjølveigande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og begrensa ansvar for gjeld.

## **§ 4 MEDLEMMAR**

Alle foreldre ved Solund barne- og ungdomsskule er medlemmar i foreldrerådet. FAU Solund barne- og ungdomsskule er det utøvande organ for foreldrerådet.

## **§ 5 ÅRSMØTE**

Årsmøtet, som haldast kvart år innan oktober månad, er foreingas høgste myndighet. Årsmøtet innkallast av styret med minst 2 vekers varsel, direkte til medlemmane og/eller ved kunngjering i pressen. Forslag som skal behandlast på årsmøtet skal være sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må være tilgjengeleg for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har adgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det antal stemmeberettiga medlemmar som møter. Ingen har meir enn ei stemme.

Møteleiar veljast av årsmøtet.

Årsmøtet kan berre behandle forslag om vedtektsendring som er oppført på sakslista seinast 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje behandle forslag som ikkje er oppført på sakslista.

## **§ 6 VAL OG KONSTITUERING**

- FAU-leiar veljast av foreldrerådet på årsmøtet om hausten. FAU er valkomité før valet, og innstiller kandidat til leiarvervet i god tid før valet. Leiaren blir valt for 2 år.
- Øvrige medlemmar til styret/FAU veljast av foreldre på kvart klasstrinn ved skuleårets slutt, bortsett frå i 1. klasse der det veljast ved skuleårets start. FAU representantane veljast for 2 år.

Det er mellom ni og ti medlemmar i styret/FAU ved Solund barne- og ungdomsskule, avhengig av om leiaren har verv som klassekontakt, eller er valt frå den øvrige foreldregruppa.

### **Val år 1:**

- Leiar (kan vere ein av dei under)
- Representant frå
  - 1. klasse
  - 3. klasse
  - 5. klasse
  - 7. klasse
  - 9. klasse

### **Val år 2:**

- Representant frå
  - 1. klasse
  - 3. klasse
  - 5. klasse
  - 7. klasse
  - 9. klasse

Klassekontakt kan vere vara.

- Styret/FAU konstituerer seg sjølv med nestleiar, kasserer og evt. sekretær på det første FAU-møte som vert heldt om hausten, og dei sit i valte verv for 1 år.
- FAU skal også velgje 2 representantar og 1 vara til å representere FAU på møter i skulens samarbeidsutval, og 3 representantar og vara til møter i skulemiljøutvalet. FAU-leiaren skal være ein av representantane i begge utvala.

Før årsmøte skal FAU innstille revisor til å revidere FAU sitt rekneskap for påfølgande år. Revisor skal godkjennast av foreldrerådets årsmøte.

## **§ 7 TILLITSVALDE SITT GODTGJERSLE**

Tillitsvalte skal ikkje motta honorar for sine verv.

## **§ 8 MØTER**

- FAU skal avhalde møte minst 2.kvar månad, minst 4 gonger i året. Utover dette når minst tre medlemmar krevjer eit møte.
- Møteinkalling med agenda skjer med minst 1 vekes varsel.
- Referat skal førast for alle møter og sendast til alle FAU representantar og vararepresentantar, samt leggast ut på kommunen si heimeside.
- Styret/FAU er vedtaksdyktig når minst 2/3 deler av medlemmene er til stede.

## **§ 8 OPPGÅVER**

- Informere og gi opplæring til FAU-representantane om deira mandat knytt til FAU.
- Arbeide for eit trygt, godt og inkluderande skolemiljø. Trivsel er viktig for bornas læring.
- Jobbe for et mobbefritt skolemiljø.
- Jobbe for et godt samarbeid mellom FAU og skule/SFO.
- Drøfte formen på tilbakemeldingar elev og foreldre får på elevens faglege og sosiale kompetanse.
- Arrangere tilstellingar og samlingar for foreldre, elever og lærere.
- Være en informasjonskanal ut til alle foreldre ved skulen.
- Samarbeide med elevråd, skuleledelse og ansatte.
- Ivareta og forvalte de økonomiske midlene til FAU.
- Holde kontakt med og involvere lag, organisasjonar og næringsliv i lokalmiljøet.
- Lage en komplett kontaktliste over FAU-representantane (med namn, trinn, funksjon i FAU og e-post) og holde denne oppdatert. Sende nye opplysningar til Brønnøysundregisteret etter konstituering kvart år.

## **§ 10 ØKONOMI**

FAU disponerer midlar som kommer inn frå arrangement og aktivitetar i regi av Foreldrerådet/FAU. FAU har myndighet til å bruke FAU sine midlar til beste for skule og elever. Støtte utbetalast kun til formål som kommer elevane direkte til gode.

Rekneskapet skal reviderast av revisor valt av foreldrerådet på årsmøtet.

Rekneskapet leggast frem og godkjennast på årsmøtet.

## **§ 11 TEIEPLIK**

FAU representantar har teieplikt i henhold til forvaltningslova 13-13e. Teieplikten i forvaltningslova gjelder både for tilsette i skulen og foreldre som sitter i råd og utval, samt foreldrekontakter og personar som er frivillige hjelparar på leirskule, skuleturar og skulefester.

## **§ 12 VEDTEKTSENDRINGER**

FAU sine vedtekter skal reviderast ein gong i året. FAU kan foreslå endringar i vedtektena for årsmøtet. Endringar skal vedtakast på foreldrerådet sitt årsmøte med 2/3 delars fleirtal.

*Vedtektena er revidert og vedtatt: Foreldrerådet Solund barne- og ungdomsskule  
30.10.24.*